



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 03.12.2018

---

**Sak nr.:** 18/8055-13

**Internt l.nr.:** 54079/18

**Sak:** 134/18

**Tittel:** Godtgjersle til dei folkevalde - endring av reglement

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget endrar punkt 1.6 i reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde», slik at det vert opna for å gjere unntak frå regelen om reduksjon i den faste godtgjersla for fråvær som skuldast sjukdom. Sjukdomen må kunne dokumenterast.
2. Endringa får verknad for heile fylkestingsperioden 2015-2019.

\*\*\*\*\*

Fylkesutvalet fann Hilmar Høl inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd.

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til tillegg til pkt .1:

Punkt 1.6, Reduksjon i fast godtgjersle, vert endra slik:

For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møte utvala har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast med 50%. Fråvær som skuldast sjukdom, og som kan dokumenterast, skal ikkje telje som fråvær i denne samanhengen. Godtgjersle vert i alle høve ikkje gjeve utover perioden den folkevalde er vald for.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen sitt framlegg, saman med Arbeidarpartiet sitt tillegg, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget endrar punkt 1.6 i reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde», slik at det vert opna for å gjere unntak frå regelen om reduksjon i den faste godtgjersla for fråvær som skuldast sjukdom. Sjukdomen må kunne dokumenterast

Fylkestinget endrar punkt 1.6 til følgjande:

For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møta utvala har i løpet av kalenderåret, skal den faste godtgjersla reduserast med 50 %. Fråvær som skuldast sjukdom, og som kan dokumenterast, skal ikkje telje som fråvær i denne samanhengen. Godtgjersle vert i alle høve ikkje gjeve utover perioden den folkevalde er vald for.

2. Endringa får verknad for heile fylkestingsperioden 2015-2019.